



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG		
Saksnr	Utval	Dato
033/11	Kommunestyret	21.06.2011

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K1-232	Terje Nysted	11/416 - 2 11/4183

Vedlegg: Dok.dato	Tittel	Dok.ID
14.06.2011	110607_fin_makstak_høringsuttalelse_lvk_cl.pdf	50858
14.06.2011	110607_Vedlegg1_makstak_høringsuttalelse.pdf	50857

Minimums- og maksimumsverdi for eiendomsskatt på kraftverk - høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i rådmannen sine vurderingar og konklusjonar, meiner Forsand kommunestyre at ordninga med minimums- og maksimumsverdi på eigedomsskatt for kraftverk må fjernast.

Berekningsgrunnlaget for kapitaliseringsrenta bør gjerast stabil og langsiktig.

Behandling i Kommunestyret 21.06.2011

Rådmannen trakk sitt framlegg til vedtak.

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

Forsand kommune meiner at ordninga med minimums- og maksimumsverdi på eigedomsskatt for kraftverk må fjernast. Dersom dette vert gjort kan ein samstundes endre kapitaliseringsrenta, men Forsand kommune vil påpeike at høyringsnotatet ikkje syner dei økonomiske følgjene av ei slik endring.

Forsand kommune legg dette til grunn for sin uttale:

- Minimums- og maksimumsverdi bryt med prinsippet om at eigedomskatten skal treffe eigedommens reelle omsetningsverdi. Eigedomskatten skal vere ein lokal fastsett skatt og ikkje ei avgift uavhengig av objektets lønnsemd.
- Dei aktuelle kraftverka i kommunen har allereie nådd maksimumsverdien.
- Maksimumsverdien hindrar kommunane i å få sin del av framtidig verdiskaping og fører dermed til ei forfordeling i favør av eigarkommunane.
- Endra produksjonsmønster gir større uheldige miljøkonsekvensar og større inntekter til kraftverkseigar. Vertskommunane får ulempene men ikkje sin del av inntektsauken. Pga dette vil maksimumsverdien bli eit disinsentiv for utbygging av ny vasskraftutbygging.

Dersom maksimumsverdien vert oppretthaldt vil kommunen sine reelle eigedomsinntekter bli mindre og på sikt få følgjer for tenestetilbodet

Forslaget frå ordførar blei samrøystes vedtatt.

KS-033/11 Vedtak:

Forsand kommune meiner at ordninga med minimums- og maksimumsverdi på eigedomsskatt for kraftverk må fjernast. Dersom dette vert gjort kan ein samstundes endre kapitaliseringsrenta, men Forsand kommune vil påpeike at høyringsnotatet ikkje syner dei økonomiske følgjene av ei slik endring.

Forsand kommune legg dette til grunn for sin uttale:

- Minimums- og maksimumsverdi bryt med prinsippet om at eigedomskatten skal treffe eigedommens reelle omsetningsverdi. Eigedomskatten skal vere ein lokal fastsett skatt og ikkje ei avgift uavhengig av objektets lønnsemd.
- Dei aktuelle kraftverka i kommunen har allereie nådd maksimumsverdien.
- Maksimumsverdien hindrar kommunane i å få sin del av framtidig verdiskaping og fører dermed til ei forfordeling i favør av eigarkommunane.
- Endra produksjonsmønster gir større uheldige miljøkonsekvensar og større inntekter til kraftverkseigar. Vertskommunane får ulempene men ikkje sin del av inntektsauken. Pga dette vil maksimumsverdien bli eit disinsentiv for utbygging av ny vasskraftutbygging.

Dersom maksimumsverdien vert oppretthaldt vil kommunen sine reelle eigedomsinntekter bli mindre og på sikt få følgjer for tenestetilbodet

Samandrag

Finansdepartementet har i notat av 15.04.2011 varsla endringar i maksimums- og minimumsreglande i eigedomskatt på kraftverk.

Finansdepartementet har gått mot LVKs framlegg om å fjerna minimums- og maksimumsverdiane, og gjer i staden framlegg om ei inflasjonsjustering av verdiane for tida framover.

Vidare vurderer departementet å føreslå ei auke av risikotillegget i kapitaliseringsrenta. Ei auke i risikotillegg vil kunne føra til at departementets framlegg om inflasjonsjusteringa ikkje vil føra til inntektsauke for vertskommunane.

Frist for uttale er satt til 15. juli 2011

Fakta

I samband med kraftskattereforma, jfr. Ot.prp.nr 23 (1995-1996) og ubbst. O.nr62 (1995-1996), slutta Stortinget seg til å iverksette eigedomsskattelova §8 for kraftanlegg.

Frå 2001 blei det fastsett ei minimumsgrense 1,1 kroner per kWh for eigedomskatten på kraftverk. I 2004 og fram til i dag blei minimumsgrensa justert til 0,95 kroner, samstundes som det vart innført ei maksimumsgrense på 2,35 per kWh.

Risikotillegget på 4 prosentpoeng har vore det same fram til i dag.

Jfr. Vedlagt høyringsnotat frå Finansdepartementet .

Lover, forskrifter, rundskriv

Eigedomsskattelova (eksl) §8, fjerde ledd.

Innkomne uttalar

LVK sin uttale, dat. 7.06.2011

Vurdering og konklusjon

I høyringsnotatet frå departementet har ein ikkje opplyst at kommunar med Naturressursskatteintekt i vesenlig grad blir utjamna i inntektssystemet og dermed trekt i statleg overføringar, slik at nettointekta av naturressursskaten er lagt lågare en kva som kjem fram i tabellane som departementet viser til.

Departementet gir, etter rådmannen si meining, ei missvisande framstilling av kraftkommunane sine konsesjonskraftinntekter. Viss departementet sin intensjon var å gje opplysningar om kommunane sine faktiske inntekter frå konsesjonskraftordninga, burde dei nytta KOSTRA sine opplysningar om eksakte inntekter. Departementet har i notatet nytta sine eigne anslag over eit meir eller mindre realistisk inntektpotensiale. Det blir eit uriktig bilde av kommunane sine konsesjonsinntekter.

Når det gjeld på pris for konsesjonskraft, bygg notatet på spotmarknadsprisen. Det er ikkje alle kommunane som sel konsesjonskraft på spotmarknaden, men er i staden bunden av langsiktige kontraktar. For Forsand kommune sitt vedkomande brukar ein konsesjonskrafta internt i kommunen. M.a. som kompensasjon for høgare overføringskostnader enn i sentrale strøk.

Viss departementet får gjennomslag for justert minimums- og maksimumsverdi for eiedomsfatt på kraftverk, samt justering av kapitaliseringsrenta, vil dette føre til at inntektene til vertskommunane vert stagnert i framtida. Det er dei mest lønsame kraftføretaka som får den største skatterabatten.

Rådmannen vil rå Forsand kommunestyre å gå imot Finansdepartementet sitt framlegg og be om at ordninga med minimums- og maksimumsverdi for eiedomsfatt på kraftverk vert fjerna, samstundes bør berekningsgrunnlaget for kapitaliseringsrenta gjerast stabil og langsiktig.

Forsand, 14.06.2011

Terje Nysted
rådmann